

Sak 0014/21:

Dei noterte tiltaka i Vadheim og på Kyrkjebø er av nokså ulik karakter, både m o t tekniske løysingar og dermed kostnader, men òg i høve til i kva grad tiltaka hastar.

På Kyrkjebø er det mindre tiltak av "kosmetisk" art, medan det i Vadheim meir er tale om i kva grad gravplassen framstår som velstelt og tilgjengeleg når folk vitjar den. I Vadheim er det tiltak som av omsyn til allmenn tilgjenge og tryggleik bør utførast.

Kyrkjebø sokneråd tilrår overfor HKF at tiltaka i vårt sokn vert utført i slik rekkefylgje:

- 1) Vadheim: grusgangane og vegen opp langs vest-sida.**
- 2) Vadheim: diverse rekkverk. (for betra tilgjenge øvst på gravplassen)**
- 3) Vadheim: vedlikehald og måling av klokketårnet.**
- 4) Vadheim: murane rundt klokketårnet.**
- 5) Kyrkjebø: sakresti-innreiinga.**
- 6) Vadheim: kvilebenkane.**
- 7) Kyrkjebø: trea på kyrkjegarden**
- 8) Vadheim: trea rundt plassen**
- 9) Kyrkjebø: smijernsporten i sør.**

I Vadheim vil det måtte vurderast om det praktisk/økonomisk sett vil vere gunstig å sjå fleire av tiltaka under eitt, slik at t d 1) til 4) vert planlagt og utført samstundes.

Soknerådet trur tiltaka kan utførast slik rekkefylgja er oppsett, og at dei minst kostnadskreivjande kanskje kan utførast parallelt med dei meir "tyngjande" tiltaka.

Tilrådinga vert å sende HKF v/kyrkjevevja etter soknerådsmøtet 27.05.21.